

## **MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** 13. juni 2025

**Stad:** Kommunestyresalen i Hol kommune

### **Desse møtte frå Regionrådet:**

|                   |                  |
|-------------------|------------------|
| Solveig Vestenfor | Ål kommune       |
| Pål Rørby         | Hemsedal kommune |
| Sigrid S. Ilsøy   | Hol kommune      |
| Heidi Granli      | Gol kommune      |
| Anne Kari Eriksen | Nesbyen kommune  |
| Tor Egil Buøen    | Flå kommune      |

### **Desse møtte frå KRU:**

|                        |                  |
|------------------------|------------------|
| Karsten Dideriksen     | Ål kommune       |
| Bjarte Reve            | Hemsedal kommune |
| Bente Rudrud Herdlevær | Nesbyen kommune  |
| Odd Egil Stavn         | Flå kommune      |

### **Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.**

|                   |                        |
|-------------------|------------------------|
| Hanne Haatuft (H) |                        |
| Hilde Aarø        | Buskerud Fylkeskommune |

### **Desse møtte frå administrasjonen:**

Jan Olav Helling, dagleg leiar

### **Møtte ikkje:**

|                   |             |
|-------------------|-------------|
| Anders Wengen (V) |             |
| Hege Mørk         | Gol kommune |
| Ole Johnny Stavn  | Hol kommune |

**SAK 32/25      GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 23. MAI 2025.****Vedtak:**

Protokollen frå møte 23. mai er godkjent.

**SAK 33/25      RULLERING AV VETERANPLAN FOR HALLINGDAL**

Geir Atle Mylius orienterte om den rullerte veteranplanen og om veteranarbeidet i Hallingdal. Kommunane blir bedne om å kontrollere at kontaktinfo stemmer, og melde ifrå om det er noko som må oppdaterast.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet tek felles veteranplan til orientering og rår kommunane til å gjera vedtak og offentleggjera planen på sine heimesider.

**SAK 34/25      CAMPUS HALLINGDAL – STATUS OG VIDAREFØRING****Vedtak**

1. Etableringsprosjektet blir avslutta 30. juni 2025. Sluttrapporten på prosjektet kjem attende til Regionrådet når denne er klar.
2. Regionrådet ønskjer framleis å bidra til vidare utvikling i oppbyggingsfasen av Campus Hallingdal i samarbeid med USN og Gol kommune som vertskommune ved at administrasjonen jobbar med saka.
3. Regionrådet inviterer inn relevante aktørar til eit samarbeidsorgan.
4. Om det skulle vera behov for å gjennomføre tiltak som krev økonomi ber Regionrådet om å få ei sak på dette.

**SAK 35/25      FINANSIERING AV STILLING SOM DISTRIKTMUSIKAR OG KOORDINATOR FOR FOLKEMUSIKK****Vedtak**

1. Regionrådet ber administrasjonen saman med KRU finne moglege eksterne finansieringskjelder og utarbeide ei sak til dei 5 kommunane som har signalisert at dette kan vera interessant å gå vidare med.
2. Regionrådet tilrår at ein legg til grunn alternativ 4 eller 5, og at saka vil omhandle organisering og finansiering og fordeling pr. kommune i tråd med dette. Saka kjem attende til Regionrådet i august.

**SAK 36/25      ETABLERARTENESTA FRÅ 2026****Vedtak:**

- Regionrådet rår dei kommunane som er positive til ordninga om etablerarteneste til å til å bli med på ny avtaleperioden med fylkeskommunen frå 2026.
- Kommunar som vel å trekkje seg ut frå nyttår får ferdigbehandla sine saker for rådgjevinga blir avslutta.
- Stillinga som dagleg leiar av etablerartenesta blir vidareført i 100% frå 2026

**SAK 37/25 HØYRING PLANPROGRAM TIL BUSKERUDPLANEN****Vedtak:**

Regionrådet gir sender denne uttala innan fristen 27. juni

*«Regionrådet for Hallingdal meiner det har vore god involvering så langt og ønskjer ein vidare prosess der både kommunepolitikarar, regionråd og administrasjon framleis bli tatt med på råd.*

*Regionrådet meiner planprogrammet skisserer gode og riktige satsingsområde i tråd med det som har vore drøfta på begge Buskerudkonferansane. Me vil poengtere at Buskerud bør ha ein ambisjon om å vidareutvikle særpreget og skilnadene mellom by og bygd og ta inn over seg at distrikta krev andre tiltak enn dei meir urbane områda i fylket. Fylket må gjennom sitt planverk legge til rette for, og støtte aktive distriktskommunar. Skal ein i framtida ha levande og livskraftige bygder, er det nødvendig med ein plan og ein politikk som legg til rette for og byggjer oppunder arbeidet kommunane gjer for å styrke distrikta. Her treng distrikta hjelp av både stat og fylke. Regionrådet for Hallingdal reknar med at me finn att dette i neste høyringsrunde.*

*Regionrådet viser elles til høyringsuttale frå andre kommunar i Hallingdal.»*

**SAK 38/25 ORIENTERING: AVTALE OM AKUTT HJELPEORDNING****Vedtak:**

Saka vart utsett til neste møte

**SAK 39/25 EVENTUELT****Info om prosess etter Prop. 77 S (2024-2025)**

Stortinget fatta positivt vedtak. Tiltak kan ikkje finansierast med låneopptak, så det må vere ei sikra finansiering før tiltaka vert kontraktsfestas. Innkrevjinga forventast starta sommaren 2025. Tiltaka vil bli prosjektert, sendast til byggesaksbehandling, og førebust for gjennomføring så snart som mogleg. Dei første tiltaka planleggast gjennomført ved bruk av rammeavtarar som Statens Vegvesen har med entreprenørar. Dette bidrar til raskare oppstart. Våren 2026 er forventa oppstart for dei fyrste tiltaka som kan bli:

Austvoll – Kurveutbetring

Trøstheim – Breiddeutviding

Gulsvik sandtak – Kurveutbetring

**Fjellkonferansen**

Minner om Fjellkonferansen i Hemsedal 21-22 august 2025. Påmelding har starta.

**Hallingdalskonferansen**

Minner om Hallingdalskonferansen på Geilo 28. august 2025. Bli gjerne med på middagen på kvelden 27. august.

### **Arendalsveka**

#### **Oversikt over kven som skal delta**

Heidi, Pål, Anne Kari, Jørund og Merete blir med på felles overnatting heile veka  
Sigrid er førebels ikkje sikker og Solveig er der med eigen overnatting. Bente ønskjer overnatting ei natt

### **Sesongopning skiskyting på Geilo**

Sigrid informerte om dette arrangementet som går på Geilo 14-16 nov og som kan bli ein god profilering for Geilo og Hallingdal

### **VGS i Hallingdal**

Heidi Granli informerte om prosessen vedr VGS i Hallingdal og møte mellom BFK og regionen denne veka. Det handlar om å utvikle tilbodet i tråd med det som er Hallingdal sine behov, få flest mogeleg til å gå VGS i dalen og at flest mogeleg fullfører og om å organisere tilbodet på beste vis og forsøke å sambruke ressursar mellom dei to VGS i Hallingdal. Det er tre punkt me ønskjer å få jobbe vidare med:

1. Arbeid mot grunnskulen i Hallingdal om informasjon til elevar og foreldre, praksismoglegheiter og generell kommunikasjon om overgang til VGS
2. Mobilisere fleire lærlingebedrifter og praksisbedrifter til «eit rekrutteringsløfte» der me kan undersøke kven som er og kven som vil bli lærling- eller praksisbedrift for elevar og kva som skal til for at bedrifter kan bli ei slik bedrift.
3. Vurdere å starte opp hybelprosjekt med fokus på attraktivitet for å bu på hybel og nytte vgs-tilbodet i Hallingdal og tryggleik/trivselsfaktorar spes med tanke på Flå og utkantkommunane og foreldre

Hallingdal, 18. juni 2025

for rådsordførar

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar